

Ungdomsrådet

Møteprotokoll

Møtedato:	26.05.2026
Møtestad:	Rådhuset Straume - møterom 107
Møtetid:	Kl. 16:00 - 18:00

Medlemer som møtte	Parti
Alva Betine Kilvik	Ungdomsrådet
Amalie Stusdal	Ungdomsrådet
Dorthea Revne Klepsvik	Ungdomsrådet
Guro Vik	Ungdomsrådet
Ksawier Kristoffer Brozek	Ungdomsrådet
Oliver Jåstad	Ungdomsrådet
Rebekka Kvaal	Ungdomsrådet
Samuel Vik	Ungdomsrådet
Sofie Karolina Heen Mundal	Ungdomsrådet
Trym Elias Lie	Ungdomsrådet

Medlemer med forfall	Parti	Vara som møtte	Parti
Vegard Endal	UR		

Andre som møtte	Rolle
Anita Garlid Johannessen	Politisk kontakt i råda

Møteleiar	Alva Betine Kilvik
Møtesekretær	Grethe Bergsvik

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev difor ingen signatur.

Saksliste

Sak nr.	Sakstittel	Uoff
022/26	Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll	
023/26	Referatsaker og orienteringar	
024/26	Innspeil til oppstart av namnesak - Ny ungdomsskule på Bildøyna - Sak til medverknadsråda	
025/26	Status for internasjonalt arbeid i oppvekst	
026/26	Handlingsplan (UR) - vidare arbeid i møtet 26.05.26	
027/26	Spørsmål	

022/26: Godkjenning av innkalling, saksliste og møteprotokoll

Forslag frå kommunedirektøren

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik den ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

Ungdomsrådet 26.05.2026

Behandling i møtet

Votering

Forslag frå kommunedirektøren vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdomsrådet 26.05.2026 - saksnr. 022/26

Møteprotokollen frå sist møte vert godkjent slik den ligg føre. Det er ingen merknadar til innkalling og saksliste.

023/26: Referatsaker og orienteringar

Forslag til vedtak

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

Ungdomsrådet 26.05.2026

Behandling i møtet

REFERATSAKER

Det var ingen merknader til referatsakene.

ORIENTERINGAR

Politisk kontakt Anita Garlid Johannesen orienterar om at arealplan skal ut på høyring. Overordna regionalt og nasjonalt lovverk påverkar handlingsrommet til kommunale planar, og i dette tilfelle arealplanen og har innverknad på korleis den endelege planen vert sjåande ut.

Orientering frå Ungdomsrådet:

Prosjekt møteplass av og for ungdom: delar av prosjektgruppa har saman med nokre av medlemmane i Ungdomsrådet gjennomført synfaring til Sartorlunden (ved Gjenbruksløo) for å undersøkje om dette området kan vere aktuelt som møteplass for ungdom.

- Området har potensiale til å vera ein samlingsplass for ungdom og deltakarane har gitt innspel til kva området kan brukast til, til dømes
 - Utandørs: minigolf, pingpong, skatepark.
 - Innandørs: Kiosk med sal av pølser, vaffel, drikke, tv-skjerm (t.d. vise fotball-vm), sitjeplassar,
- Det vert lagt opp til eit lågterskel-tilbod som skal vere opent for alle og driftast ved sal frå kiosken.

I det vidare arbeid med prosjektet skal dette ha fokus, samstundes som ein og undersøkjer andre aktuelle lokasjonar i Straume-området.

Orientering frå Odeon kino:

Det er etablert eit nytt ungdomsprosjekt på kinoen, der rammene for prosjektet er å skape ein trygg og god møteplass med kinovisningar som berre er for ungdom på ungdomsskuletrinnet:

- Prosjekt med 1 film i månaden, ulike sjangre, lågare pris enn på ordinære visningar
- Rusfritt, samarbeid med natteravnane og eigne vakter
- Gjennomført spørjeundersøking på Sund u.skule for å kartlegge ønskjer og behov knytt til prosjektet
- Laga komite med 2 medlemmar frå alle ungdomsskulene i kommunen som kjem med innspel til film, dato, pris
- Første visning fredag 29. mai - vise filmen The sheep detectives (Saudetektivene) til redusert pris film og snacks.
- Samarbeidar med fleire av butikkane på Sartor og har laga gåveposar som skal loddast ut til dei som kjem på visninga.

Votering

Forslag til vedtak vart samrøystes vedteken.

Vedtak i Ungdomsrådet 26.05.2026 - saksnr. 023/26

Eventuelle referatsaker og orienteringar vert tekne til orientering slik dei ligg føre.

024/26: Innspel til oppstart av namnesak - Ny ungdomsskule på Bildøyna - Sak til medverknadsråda

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Saka vert lagt fram utan forslag til vedtak.

Endringsforslag

1. Ungdomsrådet kjem med innspel om at skulen skal få namn etter plassen den ligg på, Bildøyna.
2. Alternativt forslag kan vere at skulen kan kallast opp etter ein kjent person frå det geografiske området skulen ligg i.

Behandling i møtet

Votering

Endringsforslaget vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdomsrådet 26.05.2026 - saksnr. 024/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

1. Ungdomsrådet kjem med innspel om at skulen skal få namn etter plassen den ligg på, Bildøyna.
2. Alternativt forslag kan vere at skulen kan kallast opp etter ein kjent person frå det geografiske området skulen ligg i.

025/26: Status for internasjonalt arbeid i oppvekst

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

1. Levekårsutvalet tek saka om internasjonalt samarbeid gjennom Erasmus+ innan oppvekst til orientering.
2. Levekårsutvalet sluttar seg til den vidare satsinga på Erasmus+ som verkemiddel for kompetanseheving og kvalitetsutvikling i barnehage, skule og vaksenopplæring, i tråd med gjeldande akkreditering og innanfor gjeldande økonomiske rammer.

Ungdomsrådet 26.05.2026

Tilleggsforslag

Ungdomsrådet sluttar seg til kommunedirektøren si innstilling med følgjande tilleggspunkt:

Ungdomsrådet meiner at internasjonalt samarbeid er viktig og ønskjer å forsterke og samordne innsatsen slik at alle ungdomsskulane i kommunen får samme tilbod.

Behandling i møtet

Votering

Kommunedirektøren si innstilling og tilleggspunkt frå UR vart samrøystes vedteke.

Vedtak i Ungdomsrådet 26.05.2026 - saksnr. 025/26

Ungdomsrådet gir slik tilråding:

Ungdomsrådet sluttar seg til kommunedirektøren si innstilling med følgjande tilleggspunkt:

Ungdomsrådet meiner at internasjonalt samarbeid er viktig og ønskjer å forsterke og samordne innsatsen slik at alle ungdomsskulane i kommunen får samme tilbod.

026/26: Handlingsplan (UR) - vidare arbeid i møtet 26.05.26

Kommunedirektøren sitt forslag til vedtak

Det vert ikkje gjort vedtak i denne saka.

Ungdomsrådet 26.05.2026

Behandling i møtet

Før saka vart teken opp til behandling fekk Ungdomsrådet to orienteringar:

Sommarjobb for ungdom i samarbeid med VNR, v/ Marianne Furheim (næringssjef)

- kva er Vest Næringsråd; ein interesseorganisasjon og medlemsbedrift som jobbar for å fremje sakar som næringslivet er opptekne av. Fremje både eksisterande næringsliv og oppmuntre til nytt.
- Vest Næringsråd har mellom anna laga ein portal som ungdomsskulane kunne nytte til å ordne arbeidsplass til arbeidsveka.
- Etablert og søkt midlar til ordninga "læring i næring", eit prosjekt som gjer det mogleg for elevar på 10. trinn å søke seg jobb hos ulike verksemder i Øygarden kommune.
- Kommunen deltek i fellessatsinga til Vestland fylkeskommune, NHO og NAV om Sommerjobb i vest. Her kan ungdom finne tilbod om jobb frå sin region. Det vert jobba aktivt med å få inn fleire frå næringslivet i denne ordninga.

Stolt stril – kva betyr det for deg – bygge identitet vidare på verdiar vi har i Øygarden kommune v/Vigleik Brekke (informasjonssjef)

- Kommunen opplevde stor befolkningsutvikling når Sotrabraua sto klar i 1972
- 3 museum som viser kommunen si kultur - Kystmuseet på Oen, Fjell festning på Fjell, Nordsjøfartsmuseet på Telavåg
- I kommunesamanslåingsprosessen vart det arrangert ulike aktivitetar som skulle reflektere den nye kommunen og innbyggjarane og styrke kulturen og identiteten som til dømes:

- strilahaiku (kort dikt)
- ta vare på nynorsken, stolt av eige språk, konkurranse for ungdom om å skrive korte noveller
- elev i nye Øygarden, aktivitetar for skuleelevar
- utvikle oppskrift til Øygardsgensaren
- lage felles Kystpass for heile kommunen
- produsere notebok over Johannes Kleppevik sin musikk
- ulike MOT-arrangement for ungdom

Ungdomsrådet diskuterte rundt temaet i desse orienteringane, og korleis dei kan jobbe vidare opp mot denne tematikken. Innsjela vert teke inn i handlingsplanen og vert arbeida vidare med i seinare møte.

Vedtak i Ungdomsrådet 26.05.2026 - saksnr. 026/26

Det vert ikkje gjort vedtak i denne saka.

027/26: Spørsmål

Forslag til vedtak

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.

Ungdomsrådet 26.05.2026

Behandling i møtet

Det var ikkje spørsmål til møtet.

Vedtak i Ungdomsrådet 26.05.2026 - saksnr. 027/26

Spørsmål med svar og innspel i saka vert teke til orientering.